

**Tung snø gav straumbrot**

19.12.2009

**Dei store og tunge snømengdene førte til store problem for Kvinnherad Energi laurdag kveld. Heile Uskedalsområdet fall til dømes ut ved 21-tida og straumen kom ikkje att før etter vel ein time. Vakhavande opplyser til uskedalen.no ved 23-tida at det enno ikkje har lykkast å finna ut kvar den konkrete feilen ligg. Mannskap er ute og leitar etter feilen.**

Men diverse omkoblingar gav straumen tilbake til Uskedalen. Andre distrikt har enno ikkje fått att straumforsyninga. Det gjeld til dømes Snilstveitøya, får uskedalen.no opplyst.